



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Olav Løkken

2690 SKJÅK

Delegert vedtak
64/10

Vår ref
2009/1071/69/N08

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Bjørn Dalen

Dato
19.07.2010

bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

Saka gjeld: Søknad om bruk av båt med motor på Torsvatnet

Det blir søkt om følgjande:

Søknad på bruk av båt med motor i Reinheimen Nasjonalpark .

Søker med dette om bruk av båt med motor på Torsvatnet for sesongen 2010.

*Med helsing
Olav Løkken*

Vurdering

Det blir søkt om løyve til å bruke motorbåt på 1vatn i Reinheimen nasjonalpark, Torsvatnet. Torsvatnet ligg i eit høgfjellsområde c.a. 1300 m.o.h. I vernereglane for nasjonalparken §3 punkt 3.2.a) er det gjeve løyve til fiske etter lakse- og innlandsfiskelova. Innsjøen er 7,5 km lang og for å kunne nytte heile vatnet til fiske på ei natt er det nødvendig med bruk av motor. Det er lite andefuglar ved vatnet. Stigen mellom Pyttbya og Torsbu går langs austsida av vatnet.

Når det gjeld forholdet til motorferdsellova er det heimel for bruk av motor på Torsvatnet i lokal forskrift, med inntil ein storleik på 9,9 hestar.

Sidan Torsvatnet ligg i Reinheimen nasjonalpark må det i følgje verneforskrifta for parken liggje føre ei vurdering med vedtak frå forvaltningsmyndet før båt med motor kan brukast.

I verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

6. Motorferdsel

6.1. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

g) Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.

Postadresse
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

Ut ifrå dei gjeldande reglar har forvaltningsmynde høve til å gje løyve til bruk av båt med motor, jfr. forskrifta. I Torsvatnet er tradisjonar for fiske attende til ca 1870. Det er 3-4 båtlag som fisker der kvart år. Ut ifrå ei vurdering av påverknad på verneverdiane opp imot behovet for å nytte motor på båt i samband med fiske, meiner forvaltningsmyndet at storleiken på vatnet og vindtilhøve er gode grunnar for å gje eit slikt løyve. Ein ser ikkje at dette vil gå utover verneverdiane dersom ein viser aktsemnd. Etter samtale med søkar blir det gjeve løyve for fiske i 5 år/sesongar.

Miljø- og næringsutvalget sitt vedtak:

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Olav Løkken, 2690 Skjåk, løyve til å nytte båt med motor på Torsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet gjeld i samband med fiske . Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark dagsett 24.november 2006, § 3, punkt 6.3, bokstav g).

Vilkår:

1. Løyvet gjeld for 5 år frå og med 2010.
2. Løyvet gjeld i garnfiskesesongen kvart år.

Med helsing

Bjørn Dalen

Kopi til:

Ottadalen villreinutval v/Knut Granum 2690 SKJÅK
Møre og Romsdal fylke 6404 MOLDE
Statens naturoppsyn 2686 LOM
Fylkesmannen i Oppland Serviceboks 2626 LILLEHAMMER
Direktoratet for naturforvaltning 7485 TRONDHEIM
Kontaktutvalet for Reinheimen 2665 LESJA